

## *Strategidokument for Ryfylkealliansen 2023-2027*

### **Bakgrunn:**

Ryfylke IKS starta i 2006 eit prosjektarbeid om felles merkevarebygging for Ryfylke. Ryfylkelogoen blei lansert 22. januar 2008, og Ryfylkealliansen blei etablert som eit prosjekt under Ryfylke IKS. Frå 1. januar 2023 er Ryfylkealliansen ei eiga foreining. Alliansen har vel 170 medlemmer og har eit fritt vald styre. Det er ei eiga valnemd som foreslår kandidatar overfor årsmøtet.

I styremøtet 27. januar 2023 vedtok styret å laga ein strategi for foreininga.

Ryfylkealliansen er basert på styrearbeid og ei dagleg leiing med engasjement og hjarte for Ryfylke.

Ryfylkealliansen skal vera handlingsretta og kunna utføra prosjekt som er litt på sida av det arbeidet kommunane gjer åleine eller gjennom sine eigne samarbeidsforum. Alliansen skal likevel samarbeida med både det offentlege og andre aktørar i regionen, slik at ein unngår dobbeltarbeid. Alliansen kan ikkje løysa alle utfordringane, men han kan synleggjera alt det regionen har å by på.

Viktige verdiar i arbeidet er entusiasme, handlekraft, nytenking, kvalitet, fellesskap og lokal forankring.

### **Formålsparagraf:**

Ryfylkealliansen er ei foreining som gjennom langsiktig merkevarebygging skal fremja identitet, bulyst og verdiskaping i Ryfylke.

### **Visjon:**

#### **Ryfylke – «Her vil eg leva. Her vil eg bu»**

Visjonen set standarden for vår viktigaste oppgåve, som er å sørgja for at folk vil bu i Ryfylke.

For å få dette til må me starta med våre eigne innbyggjarar. Skapa identitet og stoltheit blant dei unge slik at dei seinare i livet vil bu i Ryfylke.

Me må visa fram lokalsamfunn som gjev verdi til folk både på jobb og i fritid, slik at dei vil bu i Ryfylke.

Me må leggja til rette for å visa eit variert næringsliv med varierte jobbar, slik at våre eigne innbyggjarar og tilflyttarar vil bu i Ryfylke. Dessutan vil me løfta fram eit variert og attraktivt bustadtilbod, som ein styrke for Ryfylke.

## **Hovudmål:**

Gjennom entusiastisk og målretta arbeid, vil Ryfylkealliansen vera ein pådrivar for å auka kunnskapen og interessa om Ryfylke. Det vil vera ein pådrivar for å få fleire til å velja Ryfylke, enten ein flyttar tilbake Ryfylke eller vel Ryfylke for første gong.

Ryfylkealliansen vil vera bevisst på å fokusera på identitet, fritids- og jobbmoglegheiter og det mangfaldet som er gjennom frivillig arbeid. Ryfylke skal vera ein god stad for integrering, ikkje minst for våre innbyggjarar som kjem frå andre land.

Målgruppene er eigne innbyggjarar med ekstra fokus på ungdom, studentar/utflytta ryfylkingar, samt potensielle tilflyttarar.

## **Strategiar**

For å oppnå hovudmåla i tråd med visjonen om «her vil eg bu» er det utarbeidd følgjande strategiar for arbeidet:

### **1. Identitet og kunnskap hos ungdom og studentar**

Gjennom langsiktig arbeid skal Ryfylkealliansen arbeida for at ungdom blir bevisste om regionen medan dei går på grunnskule og vidaregåande skule. Vidare skal ein jobba for å halda interessa og kunnskapen om regionen oppe medan dei er «ute» og studerer.

### **2. Auka kunnskapen om kvarandre blant næringslivet i Ryfylke**

Gjennom tett dialog med næringslivet skal Ryfylkealliansen identifisera område der næringslivet i Ryfylke har felles utfordringar.

### **3. Auka kunnskapen om Ryfylke og dei kvalitetar regionen har**

Gjennom merkevarebygging skal Ryfylkealliansen synleggjera Ryfylke som bu- og arbeidsstad. Dette gjeld ikkje minst våre eigne innbyggjarar.

### **4. Auka samhandlinga mellom kommunale og regionale organisasjonar**

Ryfylkealliansen vil vera ein samordnar og pådrivar. Det vil seia ta initiativ til at dei ulike kommunale og regionale organisasjonane som arbeider innanfor same område, har tett dialog. Då kan ein samordna innsatsen slik at ressursane blir brukte mest mogleg effektivt.

## **Avslutting**

Det er og blir utvikla verkemiddel og tiltak som gjer at dei ulike strategiane kan setjast ut i live. Døme kan vera Ryfylkequiz, Ryfylkepuls, samarbeid om arrangement, samordningsmøte, kampanjar osv.